

Dosent Johs. Tveita

Høgskolen i Nesna

8700 Nesna

Nesna, 28. 11. 2011

## **Årsrapport frå programsensor Johannes Tveita**

Det matematisk-naturvitskapelege fakultet

studieprogram/fagområde:

Integrert lektorutdanning med master i naturvitskap eller matematikk

Integrert adjunktutdanning i matematikk og naturfag

Oppnemnd for perioden: 1. januar 2011 til 31. desember 2014

### **Innleiing**

I programsensoravtalen er desse oppgåvene opplista:

- Evaluering av den faglige oppbyggingen av studieprogrammene
- Vurdering av den faglige kvaliteten av studieprogrammene i forhold til nasjonal og internasjonal standard
- Kommentar og råd om innhold, kombinasjoner og struktur i kursene, og om vurderingsmåter
- Ytterligere problemstillinger og oppgaver avtalt i dialog mellom lærerutdanningsutvalget og programsensor i forkant av og i løpet av sensorperioden
- Deltakelse på UiBs årlige lærerutdanningskonferanse
- Rapportering til instituttet innen 1. desember hvert år

Av punkta ovanfor er det berre dei to siste punkta eg har oppfylt i år. Det har vore tidkrevjande å setja seg inn i alle dokumenta/informasjonen for den integrerte lektor og adjunktutdanninga som eg har fått tilsendt i form av elektronisk filer og lenkjer til nettstader. Særleg god nytte for å bli kjent med den integrerte lektor-/adjunktutdanninga har eg hatt av ved å ha fått høve til å delta på 4 møter (7 møtedagar) med miljøet kring utdanninga.

### **Møter**

*Lærerutdanningsmøtet på Voss 14. og 15. februar*

På denne konferansen var det fleire interessante tema som blei tatt opp, men for mitt arbeid som programsensor var fordraget frå studiet: *"Studentlekkasjen,*

*studentflyt og frafall i integrert lektorutdanning* v/forskar Kristian Mjåland og foredraget til programkoordinator Hilde Hjertager Lund: *"Utfordring og muligheter i ny organisasjonsmodell"* og diskusjonane etter desse foredraga særse nyttige.

Her blei det tatt opp det store fråfallet ved dette studiet, kva grunne kan vera og forslag til korleis ein kan få større del av studentane til å fullføra. Det blir interessant framover å sjå i kva grad endringane som blir gjort vil føra til meir fornøgde studentar og til at fleire studentar fullfører studiet.

Me nyttilsette programsensorar, Andreas Lund, Tor Vidar Eilertsen og eg hadde eit svært nyttig orienterings møte om programsensorjobben leia av den erfarne koordinerande programsensoren Sven-Erik Hansén.

Hansén arrangerte og eit møte/intervju mellom utvalde studentar og programsensorane og eit møte/intervju mellom pedagogikk lærarar på studiet og programsensorane. Både studentane og lærarane blei m.a. utfordra på kva årsaka til det store fråfallet på studiet kom av.

*Dagssamling for realfagslærarar 29. april i Bergen.*

Her blei det orientert om eit pilotprosjekt der praksisskolane blei organisert i partnerskap. Erfaringane frå denne piloten var at kontakten mellom skole og universitet blei styrka, at fokuset på studentar i praksis blei styrka ved praksisskolane og at veiledningskompetansen ved praksisskolane blei betre. Ein oppnådde ikkje at alle studentane fekk praksis innafor eitt partnerskap og heller ikkje at kontakten mellom fagdidaktikkarane ved UiB og lærarar ved praksisskolane blei styrka.

UiB har bestemt å vidareføra partnerskapsmodellen. MN-fakultetet ønskjer å prøva ut et fagprofilert partnerskap, et realfagpartnerskap. Dei ønskjer å få ein fastare profil, ein meir forpliktande ramme og ein klarare profil på partnerskapet. Dette håpar ein vil bøta på dei svake sidene som ein erfarte i piloten. Med partnerskapsmodellen vil studentane alt i slutten av 2. semester / start av 3. semester få kontakt med dei to praksisskolane sine samt få tildelt mentor ved kvar skole. Studentane vil slik få kontakt med lærararbeid og meir praksis tidligare i studiet.

På det komande *Partnerskulseminaret* som skal haldast på *Voss 1. og 2. desember*, og som eg skal delta på, vil ein arbeida vidare med struktur og organisering samt implementering av partnerskapet.

### **Møter 6. og 7. juni.**

*Samling for tilsette i PPU utdanninga ved UH-nett Vest institusjonane den 6. Juni*

Jamvel om dette møtet var fokusert på PPU utdanninga ved UH-nett Vest institusjonane var her fleire felles ting med den integrerte masterutdanninga.

Særleg foredraget "*Praksis sett frå en praksisskoles synspunkt*" ved rektor Ivar Skjelten og diskusjonane rundt praksis var interessant og nyttig.

Dagen etter, den 7. juni, fekk og programsensorgruppa bortsett frå Trond Vidar Eilertsen, høve til å ha eit frukostmøte.

Seinare på dagen blei det arrangert for meg eit uformelt lønsjmøte med mange av dei tilsette ved MN- fakultetet i Bergen. Det er viktig å få snakka uformelt både med dei som har direkte undervisningsansvar for den integrerte lærarutdanninga og andre fagtilsette med meir perifer tilknytning.

### **Oppsummering**

Dette første året som programsensor har eg prioritert å bli kjent med studiet ved å lesa dokument og delta på møter. I komande år reknar eg med at eg har bakgrunn for å kunna koma med meir konkrete innspel til utdanninga.

Det har vore nyttig at programsensorgruppa har fått høve til å møttast to gonger dette året, særleg sidan 3 av oss var nye i stillinga.

Mitt inntrykk er at både dei som administrerar studiet, lærarar og studentar ved studiet er veldig opptatt av å utvikla studiet vidare og til å finna løysingar på dei utfordringane som studiet har.

Nesna, 28. 11. 2011

Johannes Tveita

Programsensor ved Det matematisk-naturvitskapelege fakultet

